



Slik blir Rune Hjønnevågs eigedom liggjande på Børnes. Hjørnet på Hjønnevåg-bygget i brunt til høgre, kaia oppe til venstre.

Det blir Hjønnevåg via a vis Hjønnevåg på Børneset snart.

Rune Hjønnevåg, som har seld seg ut som ein av eigarane i bedrifta, skal overta 1,6 dekar av kommunen sitt industriareal tvers over vegen. Han skal satsa på firmaet sitt R.H. Racing, som har drivstoff for modellar som satsingsområde.

Rune Hjønnevåg har no sendt ut nabovarsel til Guddal Transport, Haavik Eigedom og Brødrene Hjønnevåg samstundes som han har sendt delingssøknad til kommunen.